



Gode rotaryvenner!


På møtet 14. september 2022 var dessverre ingen av medlemmene i Kommunikasjonskomiteen til stades. Trass i dette har eg likevel tillate meg å prøve å lage eit referat, på grunnlag av opplysningar frå president Anne Wiik Stamsø og eit innlegg som Berit Midtgård har skrive på Facebook-sida vår.

President Anne opna møtet med eit dikt på *bokmål* (også dette språket kan brukast til poesil!) av namnebroren min, Rolf Jacobsen (1907–1994). Diktet heitte «Når solen skinner på kineserne», og det stod i diktsamlinga *Nattåpent* frå 1985. Diktet råka meg, som tidlegare kinesiskstudent og kinesisklærar på 60- og 70-talet. 中国 – eller «Midtriket» – som det tyder, bør ein ikkje tulle med. Det er enda tydelegare i dag enn i 1985!

Eg slo opp i boka *Nattåpenet* og fann diktet på side 18. Interessat nok heitte diktet på neste side «Kutt ut», med undertittelen *Geografitime 2*. Første ordet i det diktet er ingenting mindre enn AFRIKA! På møtet 14. september skulle vi eigentleg ha møtt Laetitia frå Rwanda, men ho melde forfall, og i staden kom brørne Nikiza (24 år) og Safari (22 år) frå Den demokratiske republikken Kongo – landet som vi kalte Zaire frå 1971 til 1997.

Nikiza og Safari kom til Noreg i mai 2019 i lag med foreldre og tre yngre systrer, etter at dei i 2008 hadde flykta frå DR Kongo til Uganda. Familien blei plukka ut som FN-godkjende overføringsflyktningar (kvoteflyktningar) til Noreg.

På førehand hadde president Anne informert oss om at møtet med brørne skulle haldast i dialogform, og mellom anna belyse kulturskilnader, forventingar, utfordringar av mogelegheiter. Anne hadde blitt kjend med dei i arbeidet sitt. Som Berit Midtgård fortel i Facebook-innlegget sitt, «hadde president



NÅR SOLEN SKINNER PÅ KINESERNE

(Geografitime 1)

Når solen skinner på kineserne
er det stjernenatt hos oss.
Og omvendt. Asia er stort.
Halvparten av verdens landmasse.
Ligner en elefant.
Europa er støt-tennene,
Sibir den bøyde ryggen,
India den alltid romlende mave.
Og Kina, midtens rike
er dens mektige hofter og lår.
Det er der den reiser seg.
Elefanten er et godlynt dyr
vanligvis.
Men tirr den ikke.



Safari, Anne og Nikiza

Foto: Berit Midtgård

Anne lagt opp til en ny vri. Hun gjennomførte en samtale med brodrene Nikiza (Dieumerci) og (Grace) Safari.»

Alt no snakkar dei bra norsk, noko som ikkje overraskar meg. Mange afrikanarar kjem frå sterkt fleirspråklege samfunn, og er vane med å snakke mange språk. Alle eg kjenner i Kamerun, kan snakke fire–fem språk.

Nikiza og Safari er no elevar ved Bamble vidregående skole. Nikiza går andre år med studiespesialisering, samtidig som han jobbar på Kiwi Grasmyr. Målet hans er å bli ingeniør og kanskje arkitekt. Safari er i andre året på yrkesretta linje med teknologi og industrifag.

Berit fortel vidare i fb-innlegget sitt at dei fleire gonger sa at dei var glade for å ha kome til Noreg, og at dei var glade og overraska over at skolen er gratis. Ho legg til: «Tror dette er et av de beste og mest interessante Rotarymøtene jeg har vært på! Takk til Anne for flott møte!»

Langesund, 26. september 2022,
Rolf Theil